



Forvekslingsfare med norske kommunevåpen:


Alle kommune- og fylkesvåpen i Noreg er publisert på arkivverket sine heimesider. Prosjektgruppa har gått igjennom desse og vurdert forvekslingsfarene med eksisterande våpen og dei fire forslaga til fylkesvåpen som fagkomiteen har vurdert som godt eigna og eigna. Konklusjonen er at sjølv om det er enkelte kommune- og fylkesvåpen som kan ha ein viss likskap med forslaga, er dei for ulike til at det er ein reell forvekslingsfare mellom dei. Nedanfor er vurderinga av dei enkelte forslaga sett i forhold til eksisterande kommune og fylkesvåpen.

Tilbydar C


Natur og landskap



Mosvik kommune (tidligare, men registrert våpen framleis)



Ølen kommune (tidligare kommune, men registrert våpen framleis)



Sande kommune



Vurdering av forvekslingsfare:

Mosvik og Ølen sine våpen liknar i ein viss grad, men som tidligare kommunevåpen er konflikten ikkje reell. Det heller ikkje nok likskap til ein formell konflikt. Formelt er det ikkje konflikt med Sande


commune sitt våpen, sjølv om enkle former, kvite og grøne trekantfelt i positiv og negativ spenning har ein viss likskap. Sande kommune ligg i Vestfold, og skal slåast saman med Hof og Holmestrand. Dette utelukkar forvekslingsrisiko.

Tilbydar E


Samtid



Askim



Sola





Austrheim

Vurdering av forvekslingsfare:

Askim kommune og Sola kommune har bølgjer, og fargelikskap, men det er ikkje nok likskap til reell forveksling. Austheim har fargelikskap og tredeling som kan føre til ein viss risiko for forveksling, men har 3 i staden for 9 kvite felt, og *Tilbydar E Samtid* har horisontale og vertikale drag som balanserer kvarandre. Dette, og ulikskapen i motiv, er antagelig ulike nok til å unngå forveksling. Austrheim kommune vil være i Vestland Fykeskommune.

Tilbydar C

Eige forslag



Longyearbyen





Flatanger


Vurdering av forvekslingsfare:

Det er skilnader og likskapar med våpenet til Longyearbyen. Fargeskilnad og formal skilnad er tydeleg, men forveksling kan ikkje heilt utelukkast. Geografisk avstand og tekst vil dempe realitetane og konsekvensane av eventuell forveksling. Flatanger kommune har ein fjern likskap, men truleg ikkje nok til å skape forveksling, og konsekvensane minkar ved at Flatanger ligg i Trøndelag fylkeskommune.


Tilbydar C
Samtid




Orkdal kommune



Siljan kommune



Gaular



Hedmark (utgår ved samanslåing med Oppland)

Vurdering av forvekslingsfare:


Orkdal og Gauldalen har ein viss likskap, men likevel nok formell ulikskap til å unngå forveksling. Motivet i Siljan kommune sitt våpen er figurativt nok til å unngå forveksling. Likskapen til Hedmark fylkeskommune sitt våpen er tilstades, men også her vil det figurative halde våpna frå kvarandre. Realiteten i forvekslingsfarene går bort når Hedmark sler seg saman med Oppland fylkeskommune.

Forvekslingsfare med kjende norske og utanlandske offentlege våpen og kjenneteikn

Arkivverket anbefaler at ein nyttar nettsidene til Europeana Heraldica for å sjekke framtidige norske kommunevåpen med utanlandske riksvåpen eller tilsvarande våpen i dei nordiske landa.

Prosjektgruppa har samanlikna dei fire forslaga som av fagkomiteen har blitt vurdert som eigna opp med våpena som er publisert på Europeana Heraldica. Konklusjonen er at det ikkje føreligg ein reell forvekslingsfare mellom Tilbydar C natur og landskap, Tilbydar E Samtid og Tilbydar C samtid og kjende norske og utanlandske offentlege våpen og kjenneteikn..

Tilbydar C Eige forslag kan ha ein viss forvekslingsfare med Lejre kommune sitt kommunevåpen. Men då dette er eit utanlandsk våpen vert det vurdert til at risikoen for forvekslingsfare er liten.



Tilbydar C. Eige forslag



Lejre i Danmark

Tilbydar C eige forslag kan ha ein forvekslingsfare med kommunevåpenet til Lejre kommune i Danmark. Begge våpena er delt vertikalt på midten og det er tre bjelkar som bind dei saman. Bjelkane på Lejre sitt kommunevåpen er bua og dei grip inn i begge skjoldflatene medan dei i Tilbydar C sitt forslag er rette og grip kunn inn i den grøne sida. Skjoldformene er litt ulike ved at Lejre sitt skjold er noko breiare enn Tilbydar C. På bakgrunn av hovudformene i komposisjonen og ein viss likskap i skjoldformen er det ein vis risiko for forveksling mellom desse to våpena.